# Kyrkjetonar



Kyrkjeblad for kyrkja i Tysvær og Bokn

Nr. 3/2013 - 55. årgang

**For Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus; vi fekk Anden som gjev kraft, kjærleik og visdom.**
*2 Tim 1,7-12*

**Framsidebiletet:**
*Lammekjøttet er snart ferdig!*
*Frå leiren for konfirmantane i Nedstrand og Skjoldastraumen.*
*foto: Dag Tormod Milje*


## *Kyrkjetonar*

**Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.**

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Anne Tove Øvrebø, Ingrid Hustoft Landro, Edvin Gjerde, Inger Magrethe Pedersen-Espevold

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.
Frivillig kontigent: kr. 150,-
Kasserar: Børge Løype,
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft


# Politikk og verdivalg

**redaktørens hjørne**

Eg sit å skriv dette framfor TVen på valkvelden, medan eg tenkjer over kva for saker denne valkampen har vorte prega av. Som vanleg har ikkje kyrkje og kristne verdiar vore ein vinnar i duellar på TV.

Kvifor let me oss ikkje engasjera av dei store spørsmåla i verda, og i livet? Kva skal til for at fleire enn Kristeleg folkeparti snakkar om "VERDIVALG".

Bondelaget har kalla dette stortingsvalet for eit "matvalg" – eit vegval for kursen i landbruks-politikken. Og ein bonde-kollega snakka om at det var vanskeleg å snakka om mattryggleik til eit stappmett folk. Når dette vert lese er stemmene talde opp, og eg skal ikkje ta valkampen på etterskot. Men, det er verdt å tenka over kva som gjer at mange unngår å blanda politikk og verdival.

Har me det så godt at me har nok med å forvalta rikdommen vår, slik at det ikkje blir tid igjen til å sjå utanfor vår eiga dør eller våre grenser? Er me så "stappmette" og travelt opptatt med vår velstand at me ikkje treng Gud?

Den norske kyrkja fekk kritikk frå sine motstandarar då kyrkjemøtet uttalte seg om miljøpolitikk, særleg oljeboring i Nord. Diakoni er viktig i kristendommen, omsorg for familien, naboen, nesten vår. Burde ikkje kyrkja også peika på ansvaret for å forvalta skaparverket på ein bærekraftig måte?

Kritikken mot Kyrkja sitt miljøengasjement viser kanskje at ein ikkje ynskjer å gi kristne verdiar relevans i politikken. Det er dumt, for eg trur at eit land styrt på kristne verdiar er eit godt land å bu i – uavhengig av livssyn.

Men kristne verdiar må vera på dagsorden meir enn ved valet kvart fjerde år. Kvart møte med medmenneske i kvardagen må vera ein valkamp. Og kvart val må vera eit "verdivalg"

*Ståle Hustoft*

*Redaksjonen avslutta: 9. september*


**Kyrkja i Tysvær**

**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn**

**Telefon*: 52 75 77 00**
**Internett: www.tysvaerkirken.no**
**E-post: kyrkja@tysver.kommune.no**

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn**
telefaks: 52 75 77 10
åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag kl. 10 - 13

**Kyrkjekontoret for Nedstrand sokn**
telefaks: 52 75 77 21
åpningstid: tirsdag - fredag kl. 9 - 12

**Sokneprest Arne Aurdal**
Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 93 415 402

**Sokneprest Bård Egil Dyrhol**

**Sokneprest Dag Tormod Milje**
Mobiltelefon: 934 15 401

**Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre**
Tysvær soknehus, telefon: 52 77 11 88, mobiltelefon: 481 35 457

**Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus**
Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

**Trusopplæring/Kyrkjenær**
**Leiar Kyrkjenær:** Kristin Trageton Skofteland
**Medarbeidarar:**
Nedstrand: Ingrid Hustoft Landro
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre
Førresfjorden: Kari Undheim
Bokn, Førresfjorden og Nedstrand: Greta Skorpe Elverhaug
Telefon: 52 75 77 00*

**Organistar**
**Kari Undheim**, telefon 928 08 103
**Stein Johannes Kolnes**, mob. 909 18 088
**Gunn Bergvold Larsen**,
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

**Kyrkjeverje**
**Tysvær kommune: Terje Fjeldheim**
Mobiltelefon: 934 15 404
**Bokn kommune: Svanhild Alvestad**
Mobiltelefon: 934 15 440

**Kyrkjetenarar**
**Tysvær sokn: Ingebrigt Lundervold**
Mobiltelefon: 404 11 889
**Førresfjorden sokn: Målfrid Høie**
Telefon: 52 77 36 88
**Bokn sokn: Odd Grønnestad**
Telefon 52 74 84 03
**Nedstrand sokn: Steinar Nordeide**
Mobiltelefon: 934 15 403
**Skjoldastraumen: Barbara Stølvik**
Telefon 52 77 92 78




# Bønn for Tysvær - en suksess

*av Arne A. Kallevik*

**Da Gudmund Ølstørn fekk ferten av at det i Haugesund kvar veke var ei "Bønn for byen"- samling, reagerte han raskt. Først med å oppsøkje ei av samlingane på rådhuset i Haugesund. Så med å få initiativtakaren, pastor Nils Gustav Johnsen, til å love å kome til opningsmøtet i Tysvær for å orienterer om konseptet.**



20. august 2012 fant det første "Bønn for Tysvær"-møte stad. Og det vart ein knallstart med eit frammøte på 18 bønekvinner og –menn, pastor Johnsen medrekna.

Ordførar, lensmann, skuletilsett og fleire med vart kontakta. Og slikt blei det bøneoppdrag av…
Måndag etter måndag har dei kome saman, i snitt 15 personar, for å be for alle knytt til helse- og sosial, skulen og barnehagar, politiet og politikarane. Vidare blir det bedt for næringslivet og om god økonomi for kommunen. Og dei tilsette i administrasjonen er og med som ein av dei faste postane i bønekonseptet.

"Bønn for Tysvær" held hus i Kyrkjesalen i Aksdal kyrkje, men er vel og merke ei tverrkyrkjeleg bønesamling for heile Tysvær kommune. Bønemøte er det kvar måndag kl 11 – 12. Bibelord, song og samtale er det og sett av litt tid til. Bøneemna er tunge og alvorlege nok. Men sjølve samværa er lyse, lette og forfriskande. Det er jo Far i Himmelen som vert kontakta!

- Etter kvart som folk har fått med seg at "Bønn for Tysvær" også gjev rom for privatpersonar og deira kvardagsproblem har det auka på med spesifikke bønebehov, seier leiar Gudmund Ølstørn.

-Takk til alle som har møtt så trufast opp dette første året. Og ei oppfordring til mange fleire om å slutte opp om dette viktige samværet for Tysvær kommune og alle oss som bur her.



på kyrkjebakken

# Grip fatt i noko som held

*av Gunvor Hustoft*

***Grip ikkje fatt i ei morkna grein***
***grip fatt i ei som held!***
***Grip fatt i noko som hjelpe kan***
***grip fatt i ei grein som held stand.***

***Grip ikkje fatt i ei losna rot***
***om du er kommen på kant***
***Grip fatt i noko som sikkert er***
***når du treng at noko deg ber.***

***Grip ikkje fatt i det som er laust***
***grip fatt i noko som held***
***Grip fatt i einkvan som vil hjelp deg gi***
***når du dett og kjem på gli.***

***Grip fatt i noko som står i storm***
***Grip fatt i det beste som er***
***Grip fatt i Han som kan hjelpe deg***
***Han som i storm viser veg.***

***Gripe fatt i ordet om «Kom til meg»,***
***Grip fatt i Han som det sa.***
***Grip fatt i korset som bergingstre***
***Grip fatt i Han som gir fred.***

***Grip fatt i tryggheten Han kan gi***
***Grip fatt i Bibelens ord***
***Grip fatt i det håpet som trua gir***
***Det håpet som er og forblir***

***Grip fatt i Jesus, som vegen er***
***til himmelens lyse land.***
***Til sist grip Jesus fatt i deg***
***og ber deg heim til seg.***

# Lina Sandell-konsert i Tysvær kyrkje på allehelgensdag

*av Edvin Gjerde*

**Slik tradisjonen har vore i mange år, er gudstenesta på allehelgensdag ei minnestund over dei i soknet vårt som har gått bort dette året. I samband med denne vil ein i år ha ein konsert med Lina Sandell songar.**

Søndag 3. november kl 19.00 vil ei gruppe under leiing av musikar Ola Ohm frå Stavanger framføra songar av den kjende svenske diktaren og songskrivaren. Svært mange kjenner songane hennar. T.d. "Blott en dag ", eller "Ingen er så trygg i fare", eller "Bred dina vida vingar". Dette er songar alle er glade i.

Med seg i gruppa har Ohm Magnhild Mo på cello, medan Liv Heidi Lie-Bjelland og Åse Thorstvedt syng. Ola Ohm har til nå gjeve ut fleire CD`ar. Det er all grunn til å ta turen til Tysvær kyrkje denne søndags-kvelden.
Som forfattar har Lina Sandell (1832- 1903) bak seg ein stor produksjon, 144 bøker og ca. 2000 songtekster. I sangboka vår finn du ikkje mindre enn 38 songar. Sjølv vart ho påverka av den rosenianske vekkinga med ein klår og personleg bodskap. Då den stillfarne prestedottera i 1882 ville gje ut ei songbok, fekk ho den i retur. Songane var etter forlags redaktørens si meining "alltfør obetydliga."

Mellom anna to av dei som er nemnd ovanfor. Seinare vart ho i leksikon kalla "Sveriges mest kjende sangforfatterinne." Og vart forlagssjef på EFS-forlaget i Stockholm.

Til og med den svenske kongen Karl XV kalla henne inn til slottet for å høyra songane hennar. Det var den kjende songaren Oscar Ahnfeldt som framførde songane. Sjølv sa Lina Sandell at han song songane hennar inn i "folks hjärtan."


Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NAR LIVET ER SOM VERST




# Pilegrimskveld
## i Nedstrand kyrkje

Set av søndag 10.november kl.19.00! Då vert det pilegrimskveld med **Anne Kristin Aasmundtveit** i Nedstrand kyrkje, som del av bLEST Litteraturfest i Tysvær. Programmet vert delt i to: Først ei forteljarforestilling, der historia om ei moderne pilegrimsferd vert fletta saman med ei 1100-talsforteljing om den gongen Ragnvald Orknøyjarl og Erling Skakke reiste på pilegrimsferd til Det heilage landet.
Deretter presenterer Aasmundtveit boka si «Alle mine veier» der ho tek opp tema som: Kva er forskjellen på å vere pilegrim og turist? Korleis er forholdet mellom den ytre og den indre vandringa? Ho viser oss at å vere pilegrim er mykje meir enn vakre tankar og stillhet, det inkluderer også vannblemmer, snorking og støle lemmer. Gjennom boka tek ho oss med til stader som Nidaros, Selja og Røldal, men og Santiago de Compostela, Iona og Roma. Overalt deler ho raust av eigne erfaringar frå vandringar i regn og solskin. Velkommen til ein kveld med inspirasjon, påfyll og vandringsglede. Me trur du vil gå heim litt rikare.

*«Forfatteren er raus med det kulturhistoriske stoffet, men byr også på seg selv, er personlig. Uten tvil er dette en av de beste pilegrimsbøkene som er publisert i landet» (Eivind Luthen om boka «Alle mine veier»)*

grønt hjørne

# Godt norsk

*av Kjersti Hjelmervik Lofthus*

**Om høsten bugner det av friske grønnsaker, en deilig tid for matinteresserte**

Nå finnes det lokalproduserte grønnsaker i butikkene. På torget kan du møte lokale produsenter. Andelen av økologisk frukt og grønnsaker er økende.

Nå er det rimelig og varene er fulle av god smak og vitaminer. Du har mulighet til å kjøpe mat som ikke er "reisesyk". I skogen kan du finne sopp

Mange urter, frukt og grønnsaker kan fryses, tørkes eller hermetiseres. Kanskje kan du fryse ned hjemmelaget surkål til jul? Eller hva med å prøve seg på noe mer eksotisk som chutney og pickles. Husker du hvor godt det var med hermetisert frukt som vi fikk så ofte før?
Kokebøkene er fulle av tips om konservering. Prøv å finn noen gode oppskrifter.

Når du lager maten selv, vet du hva den inneholder. Bruker du økologiske varer, vet du at de ikke inneholder sprøytemiddelrester og er miljøvennlig produsert.

Går du inn på www.oikos.no kan du lese mer om økologi
Les mer på www.gronnhverdag.no





# Konfirmanttur til Øvre Amdal

*av Åsne B. Hustoft/ Ståle Hustoft/Dag Tormod Milje*

**Fredag 30. august reiste konfirmantar frå Nedstrand og Skjoldastraumen opp til Øvre Amdal for å koma skikkelig igang med konfirmantåret.**

Nokre hadde vore der før, mens andre var spente på kvar dei skulle bu dei neste dagane. Etter litt ulike aktivitetar på veg opp, kom dei fram til bål og nesten ferdig oppsette lavoar og telt.

Etter innkvarteringa og litt informasjon begynte konfirmantane å steike kjøtdeig og dele opp grønsaker til taco. Ut på kvelden når regnet begynte å melde seg, vart det også film inne i hovudhuset.



Då vi vakna laurdagsmorgon kunne nokre konstatere at dei hadde tørre og gode telt, medan andre ikkje var like heldige. Heldigvis hadde vi hus til å tørke soveposane i, så ein trengde ikkje å sjå altfor mørkt på neste natt.

Då frukosten var unnagjort vandra heile gjengen nedover til sivilisasjonen. Der vart konfirmantane delt i to grupper. Den eine halvparten reiste til skytebana for å utfordre seg sjølv litt, og den andre halvparten reiste til kyrkja der dei fekk lære meir om kyrkja og ulike kristne symbol.

Etter aktivitetane og ein god lunsj på bygdahuset, gjekk turen opp til Øvre Amdal igjen. Her vart det etter kvart steikt lam til middag.
Kvelden gjekk elles med til å bli litt betre kjende, spele fotball, leike "boksen går," kose seg rundt bålet og ete brownies steikt i sjusteinsomn.

Etter at regnet stort sett hadde kome på natta dei to første dagane, vart søndagen ei litt våtare oppleving. Derfor var det nok ein del som tenkte at det skulle bli godt å komme heim for å ta ein dusj og få på tørre klede.

Likevel gjekk både nedrigginga av leiren, og gudstenesta fint. Ekstra kjekt var det også at ganske mange foreldre og søsken hadde teke turen opp for å delta på gudstenesta.

Vi hadde ein fin tur ilag med konfirmantane og håpar denne turen var ei kjekk oppleving for alle konfirmantane også.





# Hei

**Jeg heter Line Immel og jeg er den nye ettåringen i Aksdal kyrkje. Jeg kommer fra Erdmannhausen.**



Erdmannhausen is a little village near to Stuttgart in the south of Germany with around 5000 inhabitants. I live there together with my parents, my older sister and my younger brother. I'm 19 years old and in my free time I like to travel, to hike, to meet my friends, to play piano, to sew and do some creative things. In june I finished my school on a social studies school. It was obvious for me that immediately I didn't want to start with studying after school and so I decided to do a voluntary service.

In Germany I was a leader in a Christian youth club in the YMCA. Besides, I already was a few times a leader in Christian summer camps. Once a week I cared for three little kids and I also joined a youth club in the YMCA. I really like to work together with people, to tell the children something about Gods love and to exchange views about faith.
Because of my experiences in the YMCA, I decided to apply for an EVS (European Voluntary Service) in the YMCA. After my application, I got some information about this EVS place here in Aksdal and I thought that this would be the perfect place for me.

I think, here I have got the opportunity to work together with children and teenagers like I did it before in Germany and this makes lots of fun to me. Also, I think that the tensing would be something for me, because I sang in a Gospel choir in Germany. I also played theater in a theater group a few years and in my free time, I like to play piano. Here in the church in Aksdal, I can be involved in the community and learn more about the Norwegian culture. This is one reason why I want to do an EVS. Another reason is that I find it exciting to meet new people and get to know about their views and their culture. I hope we will have great conversations and I can learn much from you. Also the variety of activities will offer me a great deal of many new experiences.

I´m very happy, that you gave me the opportunity to do my EVS here.
Thank you, that I've got the chance to make my EVS here.
Thank you, that you have this confidence in me and thank you for the very warm welcome.
In my first week here, I´ve met so many nice people. So it was very easy for me to feel comfortable here. Thank you for that!

I'm so glad to be here! I´m looking forward to learn as fast as possible norsk and to have an exciting year with many new adventures and experiences.



## Barneforening på Nedstrand

**Alle frå 1. - 7. klasse på Nedstrand er velkommen til barneforening på Soknatun fredag kl. 13.30 desse datoane:**

13. september
18. oktober
8. november
29. november

## Søndagskule på Tysvær soknehus

**Søndagskulen på soknehuset er i gang. Me starta opp i september. Det blir søndagsskule dei følgande søndagane:**

15. og 29. september
27. oktober
3. og 17.november
8. desember

Me ønsker tidlegare og nye born velkomne. Håpar dette er noko for dykk som har born i søndagsskule alder.

## Heimebesøk for sjuke og eldre i Tysvær sokn

Tysvær sokneråd ønskjer å gjera det lettare for dei som vil ha besøk heime av prest eller diakon. Eller andre som har sagt seg villig til å vera med i ei slik teneste. Ein vil nå prøva å gjera denne tenesta betre kjend.

Dei som måtte ha trong for nokon å samtale med, kan nå kontakte kyrkjekontoret i Aksdal. Tlf. 52757700.

## Søndagsskole på Førland

Søndagssgjengen på Førland samles søndager fra kl 11.00-12.00 på bedehuset. Den er for sprell levende barn. Lek, bibelfortelling, sanger og noe å bite i. Fra 3 år og oppover. 1.sept 27.okt 10.nov 8.des.

*Kørner Høie*

## NMS si misjonsmesse på Tysvær soknehus

Det nærmar seg ei travel tid for misjonsvener i bygd og by. På Tysvær soknehus vert det, denne hausten og, misjonsmesse. Dagen er laudag 16.november kl 11 til 15.

Det vert sal av heimebakst og ymse andre varer. T.d kransar, strikkevarer og kan hende godterier. Kafeen serverer risengrynsgraut og lapskaus for den som vil ta middagen på soknehuset. Kaker av mange slag til kaffien får du og. Det vert song av barnekoret, korpsmusikk og andakt.
Det er mange fine gevinstar i år og, med rikeleg høve til å kjøpa lodd. Åresalg. Nytt høvet til ein triveleg dag på soknehuset.

*Edvin Gjerde*

nytt frå kyrkjeverja

## Vedlikehold av Tysvær kyrkje

*tekst: red/Terje Fjeldheim*

I år er det Tysvær kyrkje sin tur til å få en runde med vedlikehold. Som ein del av strategiplanen er det en vedlikeholdsplan for maling av kirkene. Vi har fire hvitmalte kirker og det skal males en kirke annet hvert år. Det betyr at det går 8 år mellom hver gang kirkene blir malt. I 2009 ble Skjoldastraumen kyrkje vedlikeholdt/malt, i 2011 ble Nedstrand kyrkje tatt, og akkurat nå i 2013 blir Tysvær kyrkje vedlikeholdt /malt og i 2015 er det Førresfjorden kirke sin tur.

Tysvær kyrkje blir nå vedlikeholdt utvendig. Det skal skiftes en hel del råtten kledning og et vindu må skiftes i sin helhet og flere trenger reparasjon Dette er godt synlig da kirken for tiden har stilas rundt det hele.

I tillegg skal treverket på Aksdal kirke males. Den trenger ikke å males så ofte og er utenfor turnusen på trekirkene. Det er første gang etter at den ble bygget at vi maler på nytt.

Ellers starter arbeidet på kirkegården i Skjoldastraumen i disse dager. Dette arbeidet vil pågå ut året.



# BARNAS SIDE



Fargelegg Adam og Eva i Edens hage!

**Fargelegg**

Tegning: Asbjørn Tønnesen

## Prikk til prikk

Tegn en strek fra 1 til 2 og så videre. Hva skjuler seg her?



## Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre?



Tegning: Asbjørn Tønnesen












Velkommen

# "Rundt samme bord"



**Fredag 1.november kl.19.00**
på Soknatun i Hinderåvåg

Bli med på eit annleis NMS*-kvinnestemne
med fokus på kvinner og solidaritet!
Vi dekker opp til 70 kvinner og inviterer
til 3 retters festmåltid à la Dag Tormod,
300 kroner per kuvert.

Klara Lie, sjukepleier, familieterapeut.cand.polit.
- formidlar spennande engasjement frå inn og utland
Siv Anett Sande lærar & tidl. misjonær i Equador,
bidrar med forteljing, leik & song!
Åresal-utlodning!

For meir info eller bindande påmelding innan 28.okt
Ingrid Fjell 52 77 82 57 / 99 56 65 28
eller Jorunn Sande Baustad 52 77 50 35 / 91 53 83 95

NMS*= Det Norske Misjonsselskap

**Stell av gravplasser i Tysvær**

**Tlf: 93 21 66 79/52 75 88 60**

**Neste nummer kjem i postkassen ca. 29 november.**

**Frist for stoff til nr 4/2013: 7. november**

*Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand. e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142*

## Tid for å se på de STORE spørsmålene?

*av Kørner Høie*

**En lokal komite i Tysvær Kyrkjelyd inviterer til Alphakurs denne høsten.**

En kurskveld består av mat, sang, undervisning og gruppesamtale. Kurset passer for alle som er nysgjerrige på hva kristen tro er.

16 millioner mennesker i 160 land har allerede gått på dette kurset som varer 10 onsdagskvelder pluss en weekend. Oppstart 2.oktober. Ferdig mars 2014.

Kursavgift kr 100.
Påmelding innen 27.sept
til Kyrkjekontoret:
52757700 eller
Kørner Høie: 98216182.

## Møter i Aksdal kyrkje

***tirsdagar kl 19.30***

| | |
|---|---|
| **15.10** | **Misjonssambandet** |
| **22.10** | **Sjømannskirken** |
| **01.10** | **Sjømannskirken** |
| **08.10** | **Normisjon** |
| **15.10** | **Misjonssambandet** |
| **22.10** | **Sjømannskirken** |
| **29.10** | **Normisjon** |
| **05.11** | **Det Norske Misjonsselskap** |
| **12.11** | **Misjonssambandet** |
| **19.11** | **Den Indre Sjømannsmisjon** |
| **26.11** | **Sjømannskirken** |
| **03.12** | **Normisjon** |

## Preiketekstane

| | |
|---|---|
| 22.sept. **18. s. i treenighetst.** | Mark 1,40-45 |
| 29.sept. **19. s. i treenighetst.** | Luk 9,57-62 |
| 6. okt. **20. s. i treenighetstiden** | Matt 18,1-11 |
| 13. okt. **21. s.i treenighetstiden** | Luk 12,13-21 |
| 20. okt. **22. s.i treenighetstiden** | Luk 10,25-37 |
| 27.okt. **Bots- og bønnedag** | Luk 15,11-32 |
| 3. nov. **Allehelgensdag** | Luk 6,20-23 |
| 10. nov. **25. s.i treenighetstiden** | Joh 5,1-15 |
| 17. nov. **26. s.i treenighetstiden** | Luk 13,10-17 |
| 24. nov. **Domss./Kristi kongedag** | Joh 9,39-41 |
| 1. des. **1. søndag i adventstiden** | Matt 21,1-11 |
| 8. des. **2. søndag i adventstiden** | Joh 14,1-4 |



# Gjennom livet

## Døypte

### Aksdal kyrkje
16.06 Noah Rolland
Max Steinsland
Linnea Isabell Ruud Stakkestad
Julie Solheim
07.07 Viljar Hestvik Kallekodt
Louis Hauge Wennersberg
Matilda Rios-Waage
21.07 Dina Emberland
11.08 Ailin Grytås Bjørgen

### Torvastad kirke
09.06 Jonas Ragnvaldjord Hennestad

### Førre Kirke
02.06 Liam Haugland Thorsen
Adele Tønnesen
Tilde Waage
Hannah Sofie Saltvedt
Linnea Vigre
Emma Endresen Nordnes
04.08 Lilja Stakkestad Haugland
Anna Emilie Sørvåg Fjellet

### Nedstrand kyrkje
16.06 Rebekka Langballe Skogvold
30.06 Oscar Lervik
14.07 Johanne Kristine Bakkevik
Ruben Grindheim

### Skjoldastraumen kyrkje
23.06 Jon Isak Janson Hansen
Erik Sigmund Janson Hansen
14.07 Elizabella Lindanger
04.08 Leah Yrke Nernes

### Tysvær kyrkje
09.06 Mari Bjelland
Mie Angelica Hopland Eknes Kallekodt
30.06 Georg Konrad Håstø
Thea Sztankay
21.07 Gina Omine Waage-Hetland
Thor Bermudez Susort
Magnus Bermudez Susort
22.07 Mathea Riise
25.08 Knut Møgedal Leth

## Vigde

### Aksdal kyrkje
22.6 Kari Eline Hodne og Peer Cato Nordseth Sjursen
3.8 Inger Johanne Skjold og Sveinung Helle

### Førre kirke
13.7 Denise Kitongo og Tor Arne Knutsen
3.8 Hilde Elena Kvammen og Håkon Andre Nilsen
10.8 Mona Skeie og Svein Kjetil Litlehamar
17.8 Vibeke Frøyland og Stian Halleland
Inger Lise Ohm og Øyvind Leirvåg
24.8 Vivian Wee og Odd Arne Flatnes

### Nedstrand kyrkje
1.6 Anne Grete Askvig og Ørjan Skeie Bjørnsen
8.6 Ida Hartvedt og Ørjan Silgjerd

### Tysvær kyrkje
1.6 Liv Karin Kristiansen og Christian Wathne
22.6 Oddny Lønning og Morten Rojas
Ewa Wieckowska og Kristian Sandvik
27.7 Rigmor Hystad Neset og Alexander Einarsen
Audny Frøyland og Geir Kvinnesland

## Jordfesta

### Førre kirke
7.6 Harry Ingolv Eike
25.6 Monrad Halvard Simonsen
28.6 Olaug Regine Veim
18.7 Aase Birgitte Dyngen

### Vår frelsers gravlund
15.8 Ingolf Severin Gummedal

### Skjoldastraumen kyrkje
31.7 Bjarne Johannes Håland
1.8 Tor Magne Alvestad

### Nedstrand kyrkje
11.6 Brita Havrevoll
5.7 Nina Rørtveit

### Tysvær kyrkje
12.6 Guttorm Narevik
7.8 Olav Våge

# Velkommen til kyrkje

## Aksdal kyrkje

**15. september kl. 11.00**
Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol
Hausttakkefest

**22. september kl. 11.00**
Gudsteneste ved Vikar

**29. september kl. 11.00**
Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol

**20.oktober kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Bård Egil Dyrhol

**27.oktober kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Bård Egil Dyrhol

**10.november kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Bård Egil Dyrhol
Litteraturgudstjeneste

**17.november kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Bård Egil Dyrhol

**24.november kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Bård Egil Dyrhol

**01.desember kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Bård Egil Dyrhol Lys Våken

**08.desember kl.19.00**
Gudstjeneste v/ Bård Egil Dyrhol
Lysmesse

**15.desember kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Vikar

## Førre kirke

**06.oktober kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Bård Egil Dyrhol

**03.november kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Bård Egil Dyrhol

**08.desember kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Bård Egil Dyrhol
Stegaberg Bedehus

## Tysvær kyrkje

**22. september kl.11.00**
Gudsteneste ved Arne Aurdal
Hausttakkefest

**06.oktober kl.13.00**
Gudstjeneste v/ Bård Egil Dyrhol

**20.oktober kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Arne Aurdal
Misjonsgudstjeneste

**03.november kl.19.00**
Gudstjeneste v/ Arne Aurdal

**24.november kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Arne Aurdal
Bibel 4 år

**01.desember kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Arne Aurdal

## Nedstrand kyrkje

**22. september kl. 11.00**
Gudsteneste ved Dag Tormod Milje
Hausttakkefest.

**06.oktober kl.13.00**
Gudsteneste v/ Vikar

**20.oktober kl.11.00**
Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje

**03.november kl.13.00**
Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje

**17.november kl.11.00**
Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje 4 års bibel

**01.desember kl.17.00**
Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje
Lysmesse

## Skjoldastraumen kyrkje

**22. september kl. 13.00**
Gudsteneste ved Dag Tormod Milje
Hausttakkefest.

**06.oktober kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Vikar

**20.oktober kl.13.00**
Gudstjeneste v/ Vikar

**03.november kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Dag Tormod Milje

**17.november kl.13.00**
Gudstjeneste v/ Dag Tormod Milje
Bibel 4 år

**01.desember kl.19.30**
Gudstjeneste v/ Dag Tormod Milje
Lysmesse

## Bokn kyrkje

**15. september kl. 11.00**
Gudsteneste ved vikar.

**29. september kl. 11.00**
Gudsteneste ved Arne Aurdal
Hausttakkefest.

**13.oktober kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Arne Aurdal

**03.novvember kl.11.00**
Gudstjeneste v/ Arne Aurdal

**24.november kl.15.00**
Gudstjeneste v/ Arne Aurdal
Bibel 4 år

**01.desember kl.18.00**
Gudstjeneste v/ Arne Aurdal